

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 06.12.2017

**FRÅ:** Administrerande Direktør Jon Bolstad

**SAKSHANDSAMAR:** Fagdirektør Christer Bakke Frantzen/Økonomidirektør Ola Rye/ HR- og organisasjonsdirektør Berit Berntsen

**SAKA GJELD:** Årleg Melding Sjukehusapoteka Vest 2017

**ARKIVSAK:**

**STYRESAK:** 053/17

**STYREMØTE:** 13.12.2017

---

## FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Sjukehusapoteka Vest vedtek Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2017.
2. Styret i Sjukehusapoteka Vest gir administrasjonen høve til å oppdatere aktivitetstal og økonomital samt nødvendige kommentarar knytt til desse før Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2017 vert sendt til Helse Vest RHF innan fristen i januar 2018.

## Oppsummering

Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2017 (Vedlegg 1) kan strukturelt deles i tre delar:

- Hovudområder for styring og oppfølging i 2017
- Helsefaglege, økonomiske og organisatoriske krav frå Helse Vest RHF
- Plandokument for 2017

Sjukehusapoteka Vest har gjennom 2017 levert på dei krav som er sett til føretaket.

## Fakta

Årleg melding er utforma på mal frå Helse Vest. I rapporten (Vedlegg 1) er kvart kulepunkt eit oppdrag henta frå «Styringsdokumentet for Sjukehusapoteka Vest HF 2017». Status på det enkelt oppdrag er kommentert i ein kort påfølgande tekst.

## Kommentarar

Årleg melding er først og fremst ein rapport på bestilling frå eigar, og er ikkje ei samla oversikt over alt utviklingsarbeidet som går føre i Sjukehusapoteka Vest. Årleg melding skal godkjennast av styret i Sjukehusapoteka Vest og sendast Helse Vest RHF innan medio januar 2018. Sidan driftsåret 2017 ikkje er avslutta på tidpunkt for utarbeiding av rapport til styret, inneheld Årleg melding 2017 berre datagrunnlag frem til oktober/ november. Det er likevel ingen teikn til at årets siste driftsmånadar vil endre vurderingane våre i stor grad. Overordna har Sjukehusapoteka Vest har gjennom 2017 levert godt på svært mange av dei krav som er sett til føretaket. Hausten har synt aukande økonomisk avvik og dette medfører at SAV ikkje klarar å levere fullt ut på resultatkravet for 2017.

## Konklusjon

Helseføretaket har, innanfor dei rammene som er satt av styret, i det vesentlege klart å levere på dei bestillingane eigar gjennom «Styringsdokumentet for Sjukehusapoteka Vest HF 2017» har sett for føretaket.

## Vedlegg

1. Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2016